



# Setesdølen

Nr. 6 • Fredag 22. januar 2010 • 36. årgang • Laussal kr 10,- • www.setesdolen.no

**ICA EVJE**  
 TLF. 37 93 03 38  
 ÅPNINGSTIDER:  
 9-20 (18)

Fredag:  
**FERSKE REKER**  
**89<sup>90</sup>** Pr.kg.



PLANSMIE EI HEIL VEKE. Det har vrimla med små debattar og meningsutvekslingar i forsamlingshuset Furuly på Evje i denne veka. I ein pause mellom dei mange møta ser ein her leiaren i plan- og ressursutvalet Dreng Homme (t.v.) i samtale med Tor Harald Berg (i midten) som grunn-eigar ved Dyrskuplassen og til høgre ordførar Bjørn A. Ropstad.

## Bygde-debatt i ei heil veke!

Arkitektar og arkitektstudentar har gått politkarane og bygdefolk elles til hånne på Evje i denne veka. På rekordtid har dei fått fram ein sentrumsplan gjennom møte med grunn-eigarar, næringsdrivande, og ikkje minst poli-

tikarane imellom. Det er gjort vedtak og skapt framdrift i ein prosess som imponerer. I dag reiser arkitektane frå Oslo heim att med håp om å ha lagt etter seg viktige prinsipp for korleis eit bygdesamfunn bør få utvikle seg. Side 7-9

### Setesdølen som dagsavis!

Første veka i februar kjem Setesdølen ut kvar einaste dag. Då kan du lese lokalt nytt frå og med måndag til og med laurdag fordi avisa markerer 35-årsjubileum på denne måten! Som annonsør kan du også bruke avisa kvar einaste dag - til jubileumsprisar! Kontakt Setesdølen på tlf. 37934500 straks for gode tilbud på alt frå heilsider og halvsider til mindre annonser.

## Held fast på gode tilskot i Bygland

Side 5

Ukens Go'helg-produkt fredag og lørdag



Fast Go'helg-pris  
**14<sup>90</sup>** pr. pakke

Krydret filetkotelett av svin  
2x120 g pr. kg 62,08

Gjelder så langt beholdningen rekker.  
Kun til private husholdninger.

**KIWI mini pris**

**Lynx Yeti V800**  
**TIL SPESIALPRIS**  
 kr 111.900,- Spar 1000-lapper

2009 mod  
 LYNX  
**Hylestad Auto**  
 4748 Rysstad - Tlf. 37 93 61 11

Norges beste breiband får du i Setesdal

**Bykle Breiband**  
**Agder Breiband**  
 www.byklebreiband.no  
 www.vabb.no

**altibox**  
 internett tv film telefoni

Kia cee'd - den eneste bilen som tør å gi deg 7 års garanti

NÅ FRA 214.900,- inkl. vinterhjul

SJEKK PUNKT **AUTOSERVICE**  
 Verksvegen 5, 4735 Evje  
 Tlf. 37 93 15 55

**Bykle Maskin AS**

- Redningsteneste • Bilservice
- Dekkservice • Bilutleige
- Tredal Biltilhengere
- Utleige av biltralle
- Utleige av minigravemaskin

Tlf. 959 79 310

**YAMAHA** Touching Your Heart  
**MOTORSENTERET AS**

Jon Atle Helle, 4748 Rysstad  
 Tlf. 37 93 61 25  
 900 12 268

ATV OG SNØSCOOTER  
 Vi har utvalget i brukt og nytt

**BYGDEBLAD FOR SETESDAL**

# Setesdølen

Partipolitisk fritt bygdeblad for Setesdal

Tlf. 37 93 45 00

Bladstyrar Sigurd Haugsgjerd

Setesdølen A/S  
4745 Bygland  
Telefon: 37 93 45 00  
Telefax: 37 93 45 01

Nettside: www.setesdolen.no  
E-post: avis@setesdolen.no

BANKSAMBAND:  
Sparebanken Sør,  
Avd. Bygland  
Bankgiro 2898.07.00005

REDAKSJON:  
Redaktør Sigurd Haugsgjerd  
Tlf. 37 93 45 03  
Priv. tlf. 37 93 40 35 / 900 15 761  
E-post: redaktor@setesdolen.no

Journalist Ole Birger Lien  
Tlf. 37 93 45 05  
Priv. tlf. 908 93 458  
E-post: journalist@setesdolen.no

FORRETNINGSAVDELING:  
Anne Bygland tlf. 37 93 45 02  
E-post: anne.bygland@setesdolen.no

ABONNEMENT OG ANNONSER:  
Aud Åsen Haugsgjerd tlf. 37 93 45 00  
E-post: abonnement@setesdolen.no

ANNONSEAVDELING:  
Gerd Haugå Heia tlf. 37 93 45 06  
E-post: annonser@setesdolen.no

TRYKK: Agderposten



## Fullt trøkk ei heil veke

Nesten same kva det endelege resultatet måtte bli, så har "plansmia" på Evje denne veka vore ein suksess fordi det har lukkast å halde oppe eit folkeleg engasjement heile veka igjennom. Dette er einestående i ein planprosess på våre kantar. Politikarar og fagpersonar har site saman kveld etter kveld, gjort vedtak og lagt på seg eigne bindingar og forventningar om å arbeide seg fram til eit konkret resultat før veka var over. I går kveld vart resultatet presentert på eit nytt folkemøte i forsamlingshuset Furuly. I dag kan dei involverte dra pusten og kjenne på at dei har vore med på noko spennande og kreativt som kanskje har avla viktige prinsipp, eit grunnlag som garantert vil prege både planlegging og den offentlege debatten i bygda framover. På den måten kan "arkitektane frå Oslo" dra heim i dag med ei god kjensle av å ha lagt etter seg noko viktig.

Konseptet "plansmie" har vore prøvd fleire stader i landet, og stort sett med godt resultat. Det kjem seg nok av at opplegget engasjerer og inspirerer folk til å tenkje både på bumiljø og oppvekstmiljø, næringsutvikling og arbeidsliv. Det er kort sagt det som spelar ei rolle for oss alle i det daglege.

Korleis Evje skal sjå ut i framtida, har me fått nye og langt på veg konkrete signal om dei siste dagane. Om det likevel ikkje skulle bli akkurat slik, har plansmia hatt sin misjon for mykje tyder på at prosessen har ført til at folk flest har fått eit meir bevisst forhold til eiga samfunnsutvikling, det som skal prege lokalsamfunnet sin vidare framvekst i åra som kjem. Visst er det regulert mykje på annan manns grunn på Evje i denne veka, og mykje av det vil stå og falle med kor stor den private investeringslysta blir etter dette. Likevel: Folk har late seg påverke og provosere, lokke til å tenkje igjennom problemstillingar og det viktigaste av alt: Folk har teke standpunkt og gjort bevisste val.

I dette perspektivet er ikkje ein halv million kroner mykje lpengar. Både kommunen, fylkeskommunen og regionrådet har då vore med på utteljingar som har vore langt meir bortkasta enn dette. For i denne veka har også norske og internasjonale arkitektstudentar lært bygda meir å kjenne. Riks- og regionsaviser har vore der. Evje er beint fram sett på kartet, på det som ein i utgangspunktet kanskje skulle tru var ei triviell sentrumsplanlegging. Så vart det så spennande at endåtil verda litt utanfor oss let seg engasjere.

## S undagsteksten...

Sundag 24. januar - Vingårdssundagen

Luk 17, 7-10

Om ein av dykk har ein tenar som er ute og pløyer eller gjeter, seier han då til tenaren når han kjem heim frå marka: 'Kom no og set deg til bords?' Nei, han vil seia: 'Lag til kveldsmat, bind opp kjortelen og stå til teneste for meg medan eg et og drikk. Sidan kan du sjølv få deg mat.' Takkar han tenaren for at han gjorde det han var pålagd? På same måten er det med dykk: Når de har gjort alt de var pålagde, skal de seia: 'Vi er unyttige tenarar og har berre gjort det vi skulle.' >

## Indremisjonsforbundet:

# Forlengjer møteveke på Evje

Oppslutninga om Indremisjonsforbundet si møteveke på Evje har vore så stor at songevangelistane Marit Stokken og Irene Krokeide Alnæs bestemte seg for å bli ei veke til.

Av Sigurd Haugsgjerd

Også i denne andre veka har det vore god tilstrøyming til Tryggheim bedehus i Evje sentrum. Folk frå bygda kjem att kveld etter kveld, men også langvegs frå i distriktet rundt Evje har det kom ein del folk til desse møta.

-Det har vore ekstra godt å vere på Evje denne gongen, seier Marit Stokken som altså saman med Irene Krokeide Alnæs talar og syng på møta kvar einaste kveld. Marit kjem eigentleg frå Fitjar på Stord og Irene frå Krokeide ved Bergen, men begge er busette på Godøya på Sunnmøre. Dei har gitt ut ei rekke plater, hefte og bøker. I 35 år har dei reist landet rundt



Marit Stokken og Irene Krokeide Alnæs held fram med møteserien på Evje også denne veka, i alle fall fram til og med fyrstkomande søndag.

fleire gonger med song og spel og ei evangelisk forkynning som folk set pris på.

**Kan endre reiseruta**

-Difor har me også ei ordning som gjer at me kan bryte den opphavlege reiseruta viss me ser at det er behov for å bli lenger ein stad. Det er det me no har gjort på Evje, seier Marit Stokken.

Saman med Irene Krokeide Alnæs held ho møte på Tryggheim kvar einaste kveld, i alle fall til og med fyrstkomande søndag.

## Tyskar satsar som snikkar i Åseral

Stefan-Reinhard Trippel kom frå Tyskland til Åseral då han sommaren 2004 fekk seg jobb på Åseral Tradisjonssag. No driv han eiga verksemd som snikkar og flisleggjar med mykje oppdrag på hytter både i Borteli og på Ljosland. Han vil også setje seg opp eige næringsbygg på 100 kvm. på Åmland der han bur. Kona er avløyssar i landbruket.

## Frikyrkja almennyttig

I kartet som er sendt ut på høyring i samband med reguleringsplan for Valle sentrum er Frikyrkja merka av som forretningsområde. Steinar Kyrvestad ber i eit brev til Valle kommune om at bygget må merkast som almennyttig formål, noko som også høver best med dagens bruk av frikyrkja.

**Oddny Bjørgum**

har fått utvida si faste stilling som sjukepleiar ved helseavdelinga i Valle kommune frå 50% til full stiling.

**Kjetil Helle**

er tilsett i fast stilling på sfo ved Hylestad skule.

**Bygland løyver til Haiti**

Bygland formannskap har på møte i denne veka løyvt 10.000 kroner til Røde Kors sitt hjelpearbeid på Haiti.

## Velkomen til kyrkja!

Sundag 24. januar:  
Hylestad kyrkje kl. 11.00:  
Høgmesse v/vikarprest  
Øyvind Vognild. Dåp.  
Nattverd. Song v/Sylvia  
Barman-Jenssen. Kyrkjekaffi.  
Ynskjer du skyss, ring  
Astrid Nomeland  
tlf. 37 93 62 88 / 911 48 355.  
Hornnes kyrkje kl 11.00:  
Familiegudsteneste v/Anette  
Vognild. Dåp. Nattverd.  
Barnas Misjonsdag. Utdeling  
av 4-årsbok. Offer til NMS.

## Utsette saka om etableringstilskot

Bygland formannskap utsette på møtet tysdag saka om eventuelt endra reglar for kommunalt tilskot til unge nyetablerarar. Formannskapet tok saka opp att på ekstraordinært møte før kommunestyremøtet i går kveld.

Rådmannen hadde i si innstilling gått inn for å redusere tilskotssatsane for lettare å kunne halde seg inannfor budsjettamma på 2 mill. kroner for 2010.

## Vil lære om "Bra mat"

No kan det bli på tale med såkalla "Bra mat"-kurs i Bykle. Før opplegget blir spikra, skal det undersøkast om mange nok er interesserte. Kursa tar utgangspunkt i tilrådingar om sunn mat, og går over fem kveldar. Den som vil lære meir om sunn mat må ta kontakt med Anja Holmeide i Bykle kommune på tlf 37938670.



Vår inderleg kjære omsorgsfulle mamme og svigermor, snille gome og gomegome, gode syster, svigerinne og tante

## Tora Lund

(fødd Rike)  
7. november 1921  
døydde i trua på sin Frelsar Valle Bygdeheim  
18. januar 2010.

Du var så verdifull og tung å miste.  
Takk for all omsorg og varme du viste.

Georg Gyro  
Torgar Signe  
Arnfred  
Olav Kåre  
Borneborn, oldebarn og øvrige familie.

Sigrid  
Birgitt  
Kjetil  
(sysken)

Begraves frå Valle kyrkje onsdag 27. januar kl. 12.00. Ynskjer ikkje blommar, heller ei gåve til hjarteforeninga. Alle er velkomne til minnestund i Meinighetshuset.

130 menneske på det fyrste folkemøtet på Evje i denne veka:

# Alle meinte noko om Evje sentrum



Ordførar Bjørn Ropstad kunne gle seg over "stinn brakke" i forsamlingshuset Furuly på Evje måndagskvelden då det var invitert til det fyrste folkemøtet denne veka om arbeidet med den nye sentrumsplanen. Det vart ei meiningsutveksling med temperatur.

Det var engasjement og temperatur så sterk at døra måtte opnast rett som det var ut mot den mykje omtala elvebreidda og Otra som slyngjer seg forbi forsamlingshuset Furuly på Evje. Det var måndagskveld, og det var folkemøte av det gode gamle slaget, der folk sprett opp og seier akkurat det som fell dei inn - denne gongen om framtidens sentrum på Evje.

**Tekst og foto:**  
**Sigurd Haugsgjerd**

Det er mange som har meint noko om Evje sentrum i denne veka, ikkje berre politikarar og kommunetilsette som har site saman i såkalla plansmie heile veka, men det har også vore halde ikkje mindre enn to folkemøte desse dagane. Det fyrste var måndagskvelden, det andre i går kveld. Innimellom har plan- og ressursutvalet hatt møte kvar einaste kveld med sikte på å meisle ut grunnlag for ein reguleringsplan når veka no er til endes. Alt før folkemøtet måndagskvelden var debatten i gang her i spaltene, og temperaturen har halde seg utover i veka.

## Urealistisk vegkryssing

Møtet måndagskvelden var såvidt i gang, før skissa som arkitekt Arne Sødal hadde laga som utgangspunkt for debatten, fekk hard medfart. Obert Bjærum, ein av dei mange som hadde ordet under folkemøtet, tok i bruk peikestokk for å forklare arkitekten at forslaget til riksvegkryssing ved Dølen bygde på ein høgdeskilnad som er heilt urealistisk, og at også andre "nye vegar" ville bli urimeleg vanskelege vinterstid, slik arkitekten hadde tenkt seg dei.

Arkitekten hadde laga eit utkast som han rekna som utgangspunkt for vidare debatt. Det greidde han å ska-

pe, og som han sjølv sa måndagskvelden:

-Det einaste som er sikkert, er at denne skissa vil vere endra når veka er omme.

## Stinn brakke

Ordførar Bjørn Ropstad, som leia debatten måndagskvelden, kunne gni seg i hendene over å ha fått fram eit engasjement som omfatta langt meir enn grunneigarar og handelsstand i sentrum. Det var rundt 130 menneske i Furuly mån-

dagskvelden, og i løpet av eit par hektiske kveldstimar hadde ein ei kjensle av at dei fleste av dei 130 hadde hatt ordet.

Grunneigarrepresentant Gunnar Greibrokk fekk opne showet med å gjenta påstandane om at Evje sin styrke som handelssenter ligg i tilgjengelighet, "lett å kome til og lett å reise frå" som han sa. Han viste til handelsanalyse som faktisk også fortel at turistar synest det er fint i Evje sentrum, at dei likar både opningstider, parkeringsplassar og vareutval, men saknar betre offentleg toalett og fleire kulturarrangement.

## Sørlandssenteret

Sjølv meinte Greibrokk at handelsstanden si utfordring ligg i konkurransen med m.a. Sørlandssenteret

som blir berre større og større.

-Kvadraturen taper på grunn av dårleg tilgjengelighet. Me kan konkurrere, men må gje plass til store, verkeleg store butikkar, for å få dei store fiskane til Evje. Det var i korte trekk bodskapen hans, der han også viste til vesle Åmli som byggjer butikk på 1.000 kvm. i desse dagar. Slike finst ikkje på Evje enno.

Knut Kjetil Møen, dagleg leiar i Evje Utvikling AS, peika på balansen mellom det ønskelege og det mulige.

-Næringslivet står for det mulige, men ein reguleringsplan skal også peike på det ønskelege, meinte han og vona at plandokumentet blir eit vekstmiddel, ikkje berre ein styringsreidskap.



Obert Bjærum (t.v.) gjekk i klinsj med arkitekt Arne Sødal og påviste høgdeforskjellar både ved riksvegkryssing og andre "nye vegar" som arkitekten hadde teikna inn på opningskissa.

## -Me må byggje oss attraktivitet

-For å bli attraktive som handelssenter nyttar det ikkje berre å reklamere. Attraktivitet er noko ein må byggje over tid. For Evje sin del er planprosessen no nøkkelen til vidare



**Knut Kjetil Møen i Evje Utvikling minna om at Evje er ein attraktiv stad å handle.**

utvikling etter omstillingsperioden vår, sa dagleg leiar i Evje Utvikling AS, Knut Kjetil Møen på folkemøtet måndagskvelden.

Han viste til omsetningstal som slår fast at Evje er ein attraktiv stad å handle i dag, og eit senter som sannsynlegvis har potensiale til noko meir.

-Vekst i seg sjølv er attraktivt. Framgang drar gjerne noko med seg, og folketallet går sakte, men sikkert oppover. Med tanke på etableringar ligg me også godt over landsgjennomsnittet, sa Møen og teikna eit optimistisk bilete av framtida for Evje som regionalt handelssenter.

## -Ikkje parkering under jorda

Anna Galteland (91) med klår melding til arkitektar og politikarar:

-Ikkje sats på underjordiske parkeringsplassar, for dei vil i alle fall ikkje kommunalt tilsette bruke,



**Anna Galteland minna om at kommunalt tilsette ikkje vil bruke underjordiske parkeringsplassar.**

sa ho og viste til erfaringane då det vart laga slike under Sentrumsbygget for nokre år sidan. Den taleføre 91-åringen kritiserte også kommunen for ikkje å ha fått på plass høgtdokument til folkemøtet måndagskvelden.

-Det er flaut at folk kjem langvegs frå til dette møtet, og så er det ikkje mikrofonar og høgtalarar på plass, men det er kanskje ein føresetnad for debatten i kveld at folk flest ikkje skal høyre det som blir sagt, føyde ho til lett syrleg.

Ordførar Bjørn Ropstad som møteleiar sa seg lei for glippen med manglande mikrofonar, men det var uråd å få ordna då det vart oppdaga. Han lova likevel å få det på plass til nytt møte i går kveld.

## Oslo-arkitekten Arne Sødal som har leia plansmia på Evje denne veka:



Arkitekt Arne Sødal (t.h.) som leia planprosessen på Evje denne veka. Til venstre kommunestyrerepresentant Doris hatteberg, Ap og i midten arkitekt Erling Okkenhaug som også har deltatt i plansmia i denne veka.

**-Me skal gjere Evje betre. Målet er å skape den gode byen. I det arbeidet er me handverkarane som skal setje saman folks ønske i ein byplan, sa arkitekt Arne Sødal på folkemøtet på Evje måndagskvelden.**

**Tekst og foto:  
Sigurd Haugsgjerd**

-Det er berre i dei største byane at butikkar i gågater greier seg, meinte arkitekten som gjennom åra har skaffa seg erfaring med "plansmier" og sentrumsutvikling ei rekke større og mindre stader her i landet. -Også på Evje er det mykje som kan bli betre, men utgangspunktet er bra med ein historie å ta vare på og sentrumsnære bustader som har sine kvaliteter, sa han. Arkitekt Sødal

understreka at målsetninga med planarbeidet som har vore gjennomført i denne veka, har vore at det også i framtida skal vere like greitt å parkere i Evje sentrum som i dag. -Rundkøyringane i nord og sør som eg har tatt med på skissa mi som eit utgangspunkt, skal gjere det like lett for gjennomreisande å svinge av på Evje som å køyre forbi, sa han.

### Ingen motsetnad

Arkitekt Erling Okkenhaug fylgde opp med å minne om at det ikkje er nokon motsetnad mellom god handel og gode stader å opphalde seg på.

**Han meinte største utfordringa ligg i å kombinere trafikk og hyggeleg opphald på Evje.**

**-Frå andre stader har me sett at gågater drep økonomien i handelen, sa han.**

-Me vil berre vise korleis ønsket om handelsauke kan kombinerast med ei harmonisk utvikling, sa han. Også Okkenhaug meinte at ein må ta omsyn til den arkitekturen som har vore i bygda.

Om mange kanskje meiner at Evje ikkje har noko bestemt særpreg, så vart det også under folkemøtet måndagskvelden gitt døme på identitet i bygningar langs hovudgata gjennom Evje sentrum.

### Tilgang på fagfolk

-Me har ikkje kome frå Oslo for å fortelje dykk noko som helst, men i

denne veka har de hatt høve til å legge fram idéar og forslag for fagfolk, understreka Okkenhaug. Og idéane kom så snart debattleiar Bjørn Ropstad gav ordet fritt. Todd Slaughter hadde alt før møtet levert inn forslag om å få det kommunale servicetorget tilbake til sentrum, betre tilrettelegging for å bruke sykkel, trivelegare uterom og sosiale møteplassar. Han bad også om meir kultur og ein marknadsplass omlag som "Bondens Marked" som har vore arrangert på Dyrskuplass- en av og til.



Kjell Kattrerås (stående) etterlyste plass for produksjonsbedrifter og betre tilrettelegging for hotell då debatten om framtidens sentrum på Evje kom i gang måndagskvelden.

## -Kva med Verksmoen?

-Ser ein sentrumsplanen på Evje i samanheng med Verksmoen? spurde Jan Gunnar Østerhus på folkemøtet på Evje måndagskvelden. Han meinte at det



**Jan Gunnar Østerhus minna om Verksmoen, men fekk ikkje gjennomslag.**

vil vere naturleg å sjå heile området frå bakeriet til Fennefossbrua i ein samanheng.

-Nei, no dreiar det seg om sjølve Evje sentrum. Verksmoen blir behandla i kommuneplanen som er eit overordna plandokument i forhold til reguleringsplanen som me no snakkar om. På Verksmoen kan det vere snakk om større bygg, men no konsentrerer me oss om sentrum, svara Kari Røinlid som har det daglege ansvaret for kommuneplanarbeidet i Evje og Hornes kommune.

## -Glad for balansen

-Me er mange som ynskjer oss balanse i debatten om sentrumsutviklinga på Evje, ikkje ein så sterk dominans av handelsstanden, sa Jan Kristensen under



**Jan Kristensen ville la dei fleste kommunalt tilsette bli verande på Evjemoen.**

folkemøtet på Evje. Etter å ha høyrte innleiingane frå arkitektane, var han noko rolegare for at fleire omsyn ville bli ivaretekne. Kristensen ville heller ikkje flytte dei kommunalt tilsette på Evjemoen tilbake til eventuelt nytt rådhus i sentrum.

-Det er berre servicetorget me har bruk for i det daglege. Resten kan bli der dei er, sa han til munter humring frå salen.

## Korleis møte 1000 nye innbyggjarar?

-Det har blitt sagt av arkitektane at dei skal finne plass til bustader for 1000 fleire menneske i sentrum i dei neste 20 åra, men kva skal dei nye folka drive med? Kva arbeid skal dei ha, og korleis er det med infrastrukturen for å møte ein slik auke, spurde Rita Karlsen under folkemøtet måndag.

Ho nemnde både skule, barnehage og ikkje minst sjukeheims- plassar der det i dag er venteliste.

## Info-bygget til Høgås?

-Midt i Evje sentrum har me eit flott bygg, det som kommunen fekk overta etter OL på Lillehammer,



**Colin Morgan** ville flytte info-bygget frå Evje sentrum.

men det passar ikkje i Evje sentrum. Det bør flyttast til Trollbakken eller til Høgås skianlegg, sa Colin Morgan på folkemøtet på Evje måndag.

Han ville i staden ta tomte der info-bygget står i dag, til nytt kommunehus og drosjesentral.

## -Vil ha kommunehuset tilbake

-Eg slo meg ned på Evje i mi tid fordi det var så triveleg her. Det håper eg at det framleis blir. Då må ein gjerne vidareutvikle det som er av grøne lunger og blomsterprakt i sentrum, sa Tore Hansen, ei drivkraft i arbeidet for å pynte Evje sentrum med blommar om sommaren.



**Tore Hansen** ville ikkje som pensjonist labbe til kommunale kontor på Evjemoen.

Hansen ville også ha tilbake kommunehuset til sentrum.

-Tenk på eldre folk som ikkje køyrer bil, og som må labbe i veg heilt ut til Evjemoen, sa han.

## -Tenk på Arendalskrysset!

Rektor ved barneskulen på Evje, Valborg Hauan tok ordet under folkemøtet måndagskvelden for å minne om trafikksituasjonen ved Arendalskrysset nord for Evje sentrum.

-Trafikksikkerheten for gåande og syklande er svært dårleg, og det er mange skuleelevar frå bustadfeltet Kjersti Park som må gjennom dette krysset kvar morgon og ettermiddag, sa ho.

I arkitekt Sødal si første skisse er det lagt inn rundkøyring i dette krysset, men på møtet vart det sagt at rundkøyring som stenger innkøyrsla til sentrum, vil vere ei ulukke for næringsdrivande.

Arkitekt Sødal svarta at vegvesenet meiner det kan lagast rundkøyring noko lengre nord viss dette er aktuelt.

**Då folkemøtet fekk skissa på Evje i går:**

# Varehuset er ute!



Slett ikkje samde i eitt og alt, men innstilte på å arbeide seg fram til eit konkret resultat som vart lagt fram på folkemøtet på Evje i går kveld. På møtet i styringsgruppa for prosessen ser ein frå venstre: Lars Reidar Vasland, H, Britt I. Andersen, Sp, arkitekt Audun Engh frå fagteamet, varaordførar Nils Gjermund Østerhus, Sp, grunneigarrepresentantane Monica Sætre Bogerud og Gerd Reidun Høiland, arkitekt og prosessleiar Arne Sødal og leiar i plan- og ressursutvalet Dreng Homme.

Det store varehuset var heilt ute då det for andre gongen denne veka vart tromma saman til folkemøte om sentrumsplanen på Evje i går kveld. Under prosessen frå månad og fram til i går har det m.a.

komme framlegg om at Norges-gruppen skal få utvide KIWI-bygget som dei alt eig, og "Evje-huset" skal bli ståande som ei "øy" med eventuelt nye småbygg for butikkar og leiligheter rundt seg.

### Tekst og foto: Sigurd Haugsgjerd

-Det blir ikkje att økonomi i varehusprosjektet med ei slik løysing der største leigetakaren fell vekk, sa Lars Reidar Vasland, H for han på møtet i styringsgruppa onsdagskvelden fekk påtale av ordførar Bjørn Ropstad, KrF.

Ropstad meinte Vasland nærma seg inhabilitet, men etter ein pause for å sjekke "det juridiske", som ordføraren sa, vart det avklåra at Vasland ikkje er meir inhabil enn han eventuelt kjenner seg sjølv i det som trass i alt berre er ein planprosess, ikkje eit vedtak

om byggjeløyve.

Sjølv om ordførar Bjørn Ropstad ser på dei nye vegløyvingane med rundkøyringar og nye innkøyringar til Evje både frå sør og nord som dei største endringane i forhold til det som er situasjonen i dag, er det klart at mykje av reguleringsdebatten i denne veka har dreia seg om for eller mot eit varehus.

### Norgesgruppen

-Me kan ikkje la Norgesgruppen bestemme utforminga av Evje sentrum i framtida, sa Monica Sæthre Bogerud, ein av grunneigarrepresentantane i styringsgrup-

pa då debatten igjen tok seg opp på møtet der onsdagskvelden.

Ei stund var det også snakk om å rive det relativt nye KIWI-bygget, men då protesterte Vasland igjen.

-Det tyder på at arkitektane ikkje tenkjer økonomi når dei vil rive KIWI, men la det gamle Evje-huset bli ståande midt i sentrum fordi dei meiner det er verneverdig.

-Dette er ikkje ein bygningsplan, men eit mulighetsbilde for grunneigarane framover, sa Bernt Audun Strømsli frå kommunen. Arkitekt Erling Okkenhaug minna om at det er prinsippa for framtidig utforming som er det viktigaste å samle seg om.

## -Har lært noko om tilgjengelighet

-Eg har dei siste månadene lært noko om at tilgjengelighet er viktig, sa innehavar av bensinstasjonen Evje

Trafikksenter AS på Verksmoen, Egil Bjorå i eit innlegg på folkemøtet måndagskvelden.

I snart eit halvt år har det vore i gang utbetningsarbeid på Fennefossbrua. Det har gjort at gjennomgangstrafikken har gått utanom Verksmoen, og forretningane der har opplevd markert nedgang i omsetninga.

Egil Bjorå meinte bustadfelt, barnehage og annan infrastruktur er det mest avgjerande for at Evje sentrum skal utvikle seg.

## -Lag hol i Sentrumsbygget!

-Viss ein ofra ein av butikkane i Sentrumsbygget, kunne ein få opning til baksida som gjorde at

dette området kunne strammast opp og takast i bruk til parkering, sa Irene Falck Jensen, leiaren av kommunalt ungdomsarbeid. Ho meinte ei slik opning ville bryta opp det svære bygget i sentrum og samstundes opne for å ta elvebreidda i bruk som ein del av sentrumsområdet.

Irene Falck Jensen ville lage hol i Sentrumsbygget for å bryte opp den svære kolossen.

## -Næring er meir enn handel

-Det synest å vere einsidig fokus på at næringsliv på Evje er det same som handel, sa Åsmund Tønnesland i debatten måndagskvelden.

-Korleis kan ein legge til rette for andre næringar? undrast han og reiste spørsmål kva 150 parkeringsplassar i sentrum er verd.

-Miljøtunnel vil kanskje koste 100.000 kroner pr. meter, og løyse både parkeringsproblema og få sentrum knytta til elva, sa han.

# -Ville ha jernbanestasjon

Søren Østerhus mintest godt debatten som gjekk om Evje sentrum tidleg på 60-talet då jernbanestasjonen etter kvart vart fjerna for å gje plass for det nye Sentrumsbygget. På folkemøtet måndagskvelden mimra han om tapte slag og sa at han måtte gje seg i kampen då han ville ha behalde jernbanestasjonen.

-Folk trudde ikkje den gongen at det ville bli så mykje bilar blant folk.

-Eg gjorde mitt for å få bensinstasjonen vekk frå sentrum. Denne var det meininga å ha der info-bygget ligg, men me fekk han til Verksmoen. Me treng ikkje store bedrifter i Evje sentrum.

-No gjeld det snart Fennefossen si



**Søren Østerhus** bad kommunestyret tenkje lengre enn nasa rekk.

framtid. Då bør kommunestyret tenkje lengre enn nasa rekk, ikkje berre tenkje på pengar, sa han.



**Egil Bjorå** har lært at det er viktig å vere tilgjengeleg.



**Irene Falck Jensen** ville lage hol i Sentrumsbygget for å bryte opp den svære kolossen.